



Beredskapshendingar i 2007

I 2007 har Kriseutvalet sitt sekretariat ved Statens strålevern fleire gonger informert atomberedskapsorganisasjonen og andre etatar om ulike hendingar. Hendingane har likevel ikkje vore slik at det har vore naudsynt å innkalle Kriseutvalet for atomberedskap.



Forsmark kjernekraftanlegg

Foto: Strålevernet

Bombetrussel mot Forsmark kjernekraftverk i Sverige i mars

Forsmark kjernekraftverk, reaktor 1, fekk 21. mars inn ein bombetrussel som førte til evakuering av anlegget. Trusselen gjekk ut på at ei bombe ville detonere kl 1300 same dag. Politiet gjennomførte ei systematisk undersøking av kraftverket, men det vart ikkje funne noko. Politiet i Sverige meinte òg at risikoen ved bombetrusselen var låg. Drifta ved reaktoren heldt fram når situasjonen var avklart. Kriseutvalet sitt sekretariat ved Strålevernet sette stab og informasjon vart sendt til organisasjonen for atomberedskap og andre partar.

Rykte om hending på eit kjernekraftverk i Sør-Russland i mai

I mai nådde rykte Strålevernet om at det skulle ha skjedd ei ulukke ved Volgodonsk kjernekraftverk i Sør-Russland. Rykta om hendinga skapte betydeleg uro i regionen. Strålevernet tok kontakt med russiske styresmakter som kunne avkrefte at

ei atomlukke hadde skjedd. Det kom fram at det russiske sivilforsvaret hadde hatt ei øving for beredskapen på kjernekraftverket. I øvinga inngjekk det blant anna utdeling av jodtablettar til lokalbefolkninga. Strålevernet sende ut informasjon til organisasjonen for atomberedskap om rykta og oppfølginga av desse.

Jordskjelv i Japan i juli

Gjennom media vart det kjent for Strålevernet at eit jordskjelv i Japan 16. juli førte til skader på kjernekraftverket Kashiwazaki i Kariwa. Det er sju reaktorar på kjernekraftverket, fire var i operativ drift og tre var nedstengt for planlagt vedlikehald. Dei fire reaktorane som var i drift vart automatisk stengt ned. Jordskjelvet førte til ein brann i ein transformator på anlegget. Brannen vart raskt sløkt. Ei mindre mengde radioaktivt vatn (mindre enn 1,5 liter), lekte ut i eit basseng og derifrå vidare ut i havet. Ifølgje Det

internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) var det veldig lite radioaktivitet i vatnet. I tillegg velta om lag 100 tønner i eit lager for radioaktivt avfall. Sekretariatet ved Strålevernet la ut informasjon på eigne nettstadar om hendinga (www.nrpa.no og www.atomberedskap.no).

Brann ved Studsvik forskningsanlegg i august

Det braut ut brann ved Studsvik forskningsanlegg sør for Stockholm, 16 august. Smelta lågaktivt jern laga hol i den keramiske innpakninga kring ein smelteomn. Brannmannskap på anlegget fekk sløkt brannen etter kort tid. Smelteomnen vart kjølt ned, og anlegget vart reparert og sett i operativ drift igjen etter nokre veker. Ingen informasjon vart sendt ut til organisasjonen for atomberedskap.

Røykutvikling ved Ringhals kjernekraftverk i august

Ein turbin og ein generator i ein turbinhall ved kjernekraftanlegget Ringhals 3 i Sverige vart stengd 20. august etter at det oppstod røyk. Det var ingen brann, berre røykutvikling. Produksjonen stansa automatisk. Ein elektrisk feil var skuld i røyken. Ingen informasjon vart sendt ut til organisasjonen for atomberedskap.

Mindre hendingar

På Isi avfallsanlegg i Bærum vart det funne ei radioaktiv kjelde som var nytta til undervisning i skulen. Det er minimalt med stråling frå ei slik kjelde, og det er tilstrekkeleg å lagre den i eit eige rom eller eit skap. Kjelda vart avhenda på ein forsvarleg måte.

Under vedlikehald av ein tank på eit industri-anlegg i Porsgrunn vart det meisla laus brikettar og koks. Under arbeidet vart det oppdaga ei radioaktiv kjelde, ei såkalla nivåvakt, i uskjerma posisjon. Arbeidarane forlèt staden med ein gong, og kjelda vart sikra. Denne hendinga fekk ikkje konsekvensar for helsa til arbeidarane i tanken.

Hjå Norsk metallretur på Randaberg vart det oppdaga radioaktivt materiale i ei sending med metallskrap. Kjelda vart oppdaga i detektorportalen på veg inn til anlegget og var ein væskestandsmålar (nivåvakt) med kobolt-60 (Co-60). Kassa som kjelda opphavleg var lagra i hadde

vorte øydelagt. Kjelda vart tatt hand om på ein forsvarleg måte.

Under asfaltarbeid i Elverum vart ei strålingskjelde overkøyrert av ei valse. Kjelda var i lukka posisjon då den vart overkøyrert. Det ytre dekselet vart øydelagt. Kjelda vart transportert til eit lager og inspisert. Det vart gjort målingar som viste at skjerminga var intakt slik at ho ikkje gav stråledosar.

Eit returselskap for avfall mottok eit apparat som inneheldt ei kjelde som gav stråling. Apparatet kom frå kryssaren "Murmansk" som ligg havarert i Finnmark. Kjelda vart inspisert og det vart gjort målingar. Desse viste berre låge verdiar som ikkje representerer helsefare. Kjelda vart levert til Institutt for energiteknikk (IFE) som avfall.

Det vart oppdaga stråling frå ein passasjer på ein buss som passerte grensa frå Russland til Noreg over Storskog i Finnmark. Passasjeren hadde vore til "spesialrøntgen" i Russland. Passasjeren hadde etter alt å dømme vorte behandla med radioaktivt stoff (nukleærmedisin) og fekk fortsette til Sverige etter ei omplassering i bussen.

Risikoen for ulykker ved lageret i Andrejevbukta i Russland

Ein artikkel i eit russisk tidsskrift peikte i juni på dei dårlege lagringsforholda for brukt brensel i Andrejevbukta. Uforsvarleg nærleik mellom spaltbart materiale og saltvatn kan føre til ei kritikalitetsulukke, sjølv om dette ikkje er sannsynleg. Planane for opprydding i Andrejevbukta tilseier at dette arbeidet ikkje vil vere ferdig avslutta før i 2020.

Dette blei ei stor sak i norske media, og Kriseutvalet sitt sekretariat ved Strålevernet valde difor å sende informasjon til atomberedskapsorganisasjonen.